

Protokoll frå møte i

Askvoll sokneråd

Tid: 15.01.2025 kl. 17:30-19:30

Stad: ASKVOLL, Møterom kyrkjekontoret

Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Frida Melvær	Medlem
Tommy Erdal	Medlem
Synnøve Melvær	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Astri Thorsen Landøy	1. vara
Karen Anny Espedal	2. vara
Vidar Kaland	3. vara

Forfall:

Terje Mork	Nestleiar
Arnt Johny Langeland	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Jostein Gryte	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Handsama sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
SR 2025/01		Godkjenning av innkalling og dagsorden	Rune Ziener
SR 2025/02		Godkjenning av protokoll frå møte 07.10.2024	Rune Ziener
SR 2025/03		Skriv, meldingar og drøftingar	Rune Ziener
FR 2025/04		Budsjett 2025	Rune Ziener
FR 2025/05		Bruksavtale Stongfjorden	Rune Ziener
SR 2025/06	Fvl §13	Uttale til søkjarliste pedagogstillinga	Rune Ziener

Askvoll, den 15.01.2025

Rune Ziener
referent

SR 2025/01 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SR 2025/02 Godkjenning av protokollen frå møte 27.11.2024

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 27.11.2024.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 27.11.2024.

SR 2025/03 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 01/2025 Kyrkjemusikkutvalet: Møtereferat 02.01.2025

M 02/2025 Festeavgifta i Askvoll (jf. kommunestyrevedtak 099/24):

17. Reduserer kuttet til kyrkja med 125 000. Dette vert dekt frå disposisjonsfondet.

Kommunestyret ber om at kyrkja auker satsane på festeavgift i tråd med innsendt notat frå kyrkjeverje.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, med følgjande presisering til M-sak 02/2025:

Soknerådet ber arbeidsutvalet om å drøfte vedtaket om auke i festeavgifta og vurdere om dette er eit gjeldande vedtak, eller om det skal opp som eiga sak.

FR 2025/04 Budsjett 2025

DEL 1. INVESTERINGSBUDSJETTET

I kommunestyret i desember 2024 er vedteke kommunalt investeringstilskot til soknet på kr 567.000,- fordelt på tre prosjekt i 2025:

- kr 267.000,- til handicaptilkomst og drenering av takvatn Holmedal kyrkje
- kr 100.000,- til drenering av Askvoll kyrkjegard
- kr 100.000,- til handicaptilkomst til koret i Askvoll kyrkje

Kr 200.000,- i investeringstilskot til parkeringsplass Vilnes vart nedbudsett i 2024, og dette er ført opp på nytt til realisering i 2025.

Ut over kommunalt tilskot til investeringar er lagt inn kr 18.000,- til pliktig eigenkapitalinnskot til KLP finansiert over ordinær drift.

Prosjektoversikt:

1.1 Rullestoltilkomst og drenering av takvatn Holmedal kyrkje

Dette var del av det pågåande rehabiliteringsprosjektet på Holmedal kyrkje.

Bygging av rullestolrampe til hovudinngangen var eit delprosjekt som er gitt opsjon på. Det låg ikkje føre godkjenning frå biskop/Riksantikvaren på tiltaket, då tilbodskonkurransen vart gjennomført. Godkjenning kom i 2024, men då med ei løysing med større endringar samanlikna med faktisk tilbod, og opsjonskontrakt er difor ikkje lenger aktuelt.

Ny tilbodskonkurranse er enno ikkje gjennomført, men SWECO har slikt estimat frå september 2024 (eks. MVA):

Anleggsarbeider (rampe)	375 065
Grøft og drenering for takvatn	145 200
Adm.kostnader (byggeleiing etc.)	60 000
Totalt resterande prosjektkostnad	580 265

1.2 Drenering Askvoll kyrkjegard

Sidan november i 2021 har ein vore kjent med at dreneringsløysinga på delar av utvida del av Askvoll kyrkjegard (frå 2016) ikkje fungerer som den skal. Hovudutfordringa her er at det er nytta for dårlege jordmassar, slik at naturleg drenering ned til steinlaget under Askvoll sokneråd gravnivå ikkje fungerer. Det er avgjerande at ein no snarast får etablert eit fungerande dreneringssystem, for pr. i dag stettar ikkje gravfelte krava i lov og forskrift.

Det er utarbeidd eit løysingsforslag, men dreneringsprosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Det er tilgjengeleg kr 100.000,- til prosjektet.

1.3 Handicaptilkomst koret i Askvoll kyrkje

Her ligg ikkje føre konkret prosjektplan eller kalkyle.

Det er tilgjengeleg kr 100.000,- til prosjektet.

Soknerådet bør drøfte vidare framdrift for å planlegge prosjektet.

1.4 Parkering Vilnes

Prosjektet er ein gjengangar i soknet sine investeringsplanar i mange år. Gjennom 2023 og 2024 har det vore føreteke samtalar med kommunen og grunneigarar for nye moglege areal, då utviding rundt eksisterande parkeringsareal synest vanskeleg å realisere mellom anna pga. verneinteresser ift. gjeldande kulturminnelovgivning.

Kyrkjeverja bør halde fram dette samarbeidet for å få på plass ei tilfredsstillande løysing for nye parkeringsplassar ved Vilnes kyrkje, gjerne i samarbeid med Askvoll kommune.

Det bør snarleg avtalast synfaring for å komme vidare i arbeidet.

1.5 Eigenkapitaltilskot KLP

Eigenkapitalinnskot til KLP er pliktig over investeringsbudsjettet, så lenge soknet tek del i denne pensjonsordninga. Det er lagt inn investeringsutgift på kr 18.000,- for 2025 finansiert med ordinære driftsmidlar.

Forslag til investeringsbudsjett 2025

Prosjek	Teneste	Konto		B 2025
1005	Parkering Vilnes kyrkje			
	04200	42300	Vedlikehald bygg og anlegg	200 000
	04200	44290	MVA	50 000
	04200	47290	Kompensert MVA	-50 000
	04200	48300	Tilskot frå kommunen	-200 000
SUM				0
1013	Rehabilitering Holmedal kyrkje			
	04200	42300	Vedlikehald bygg og anlegg	520 000
	04200	42700	Konsulenttenester	60 000
	04200	44290	MVA	145 000
	04200	47290	Kompensert MVA	-145 000
	04200	48300	Tilskot frå kommunen	-367 000
	04200	49300	Bruk av tidlegare års mindreforbruk	-16 000
	04200	49500	Bruk av bunde fond	-197 000
SUM				0
1022	Drenering Askvoll kyrkjegard			
	04300	42300	Vedlikehald bygg og anlegg	100 000
	04300	44290	MVA	25 000
	04300	47290	Kompensert MVA	-25 000
	04300	48300	Tilskot frå kommunen	-100 000
SUM				0
1023	HC-tilkomst koret i Askvoll			

	04200	42300	Vedlikehold bygg og anlegg	100 000
	04200	44290	MVA	25 000
	04200	47290	Kompensert MVA	-25 000
	04200	48300	Tilskot frå kommunen	-100 000
SUM				0

DEL 2. DRIFTSBUDSJETTET

Med økonomiplanvedtaket i oktober vart det uttrykt at driftstilskotet til soknet var for lite når det gjeld å halde tritt med kostnadsutviklinga, særleg gjeld dette lønnsveksten som har vore høg i seinare år.

Soknerådet ba om vidareført tilskotsnivå frå 2024 pluss kommunal deflator. I tillegg ba soknet om tilleggsøyving på kr 169.625,- for å komme opp på tilfredsstillande driftsnivå.

Omsøkt driftsløyving for 2025 var på totalt kr 4.267.000,-.

Vedteke løyving i kommunestyret var etter nedtrekk kr 3.972.000,-

Differansen utgjer kr 295.000,-.

Dette vart kompensert for ved auke i satsen for festeavgift frå kr 288,- til kr 500,-.

Estimert årsgjennomsnitt vil gje ein inntektsauke på kr 192.000,- dei kommande fem åra.

For 2025 er auken estimert til kr 118.000,- (då talet fornybare graver er det lågaste i femårsperioden).

Samla for kommunal driftsløyving og forventa inntekt på festeavgift ser ein for 2025:

2025	ØP-vedtak i soknet	Budsjettvedtak i kommunen	Differanse
Driftstilskot	4 267 000	3 972 000	-295 000
Festeavgift	188 000	306 000	118 000
Sum	4 455 000	4 278 000	-177 000

Dette betyr at budsjettvedtaket i soknet må ha innsparingar på kr 177.000,- samanlikna med førebels budsjettvedtak frå oktober.

På utgiftssida ser det ut som at kr 1.050.000,- i vare- og tenestekjøp er sett for lågt. Samanheldt med rekneskapstal for 2024 er reell utgift her ca. 102.000,- høgere.

I forslaget er VU-planen redusert med kr 70.000,- som låg inne til varmestyringsanlegg til Askvoll kyrkje, som vert belasta 2024-rekneskapen.

Det manglar i oppsettet kr 200.500,- på inntektsida for å balansere budsjettet. Føreliggande forslag har ikkje forslag til konkrete kutt som gir balansering, men soknerådet bør prioritere aktuelle kuttområde for å bringe budsjettet i balanse.

Med atterhald om at driftsbudsjettet 2024 vert som planlagt, vil det vere tilgjengeleg om lag kr 45.000,- i disposisjonsfondet pr. 01.01.2025.

2.1 FORVALTNINGSDELEN (04100-04300 og 08900)

2.1.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierande inntektskategori, særleg ut frå varierande tal festefornying.

Festeavgift

Det er registrert ca. 175 festeutløp i 2024, med tilbud om fornying i 2025. Dette er noko lågare enn talet for 2024, der det var om lag 15 fleire utløp. Festeavgifta er vesentleg auka frå 2025 etter vedtak i Askvoll kommunestyre i desember 2024, så fornyingsgraden av utløpte feste er venta redusert, og i forslaget ligg inne 70% fornyingsgrad, ned frå 80%.

Stipulert festeinntekt vert då sett til kr 306.000,- (opp frå kr 188.000,- i økonomiplanvedtaket).

Betaling for kyrkjelege tenester

Med verknad frå 2021 har ein innført nokre nye betalingstenester knytt til kyrkjelege tenester. Det er speling før start (kr 276,-) og kyrkjemusikar si øving med solist (kr 443,-) som er nytt her, og ein ser så langt at dei aller fleste vel tilbodet om preludering ved gravferd. Siste tre åra har ein hatt i snitt 39 kyrkjelege gravferdsseremoniar i soknet, og ein kan då forvente ein årleg inntekt på ca. kr 11.000,- her.

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 6.000,-. Vidare er det stipulert kr 5.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Det er lagt inn kr 48.000,- i refusjon/sal av tenester for utleige av organist.

Total eigeninntekt er sett til kr 376.000,- (opp frå kr 258.000,-) i økonomiplanvedtaket).

2.1.2 Refusjonar og overføringar

Her er lagt inn MVA- kompensasjon kr 260.000,- og noko sjukelønnsrefusjon kr 10.000,-.

2.1.3 Rammeoverføring eigen kommune

Her er lagt inn kr 3.972.000,- i samsvar med kommunestyrevedtak i desember.

2.1.4 Andre tilskot, gåver og innsamla midlar

Her ligg inne ofringar til kyrkjene kr 20.000,- og tilskot frå Askvollheimen til musikkdiakonalt prosjekt kr 30.000,-

2.1.5 Finansieringstransaksjonar

Delfinansiering av musikkdiakoniprojektet med bunde fondsmidlar kr 52.000,-

2.1.6 Lønn og sosiale utgifter

Her ligg inne vidareført bemanningsnivå frå 2024 i faste stillingar. Det er lagt inn lønnsvekst på 4,6% i samsvar med prognose frå SSB og 17,79% pensjonsutgift.

Sesonghjelp på gravplassane

Er lagt inn med kr 130.000,- pluss sosiale utgifter i forslaget.

Dette tilsvarar:

5 veker ferievikar i 70% stilling

46% stilling heile perioden f.o.m. mai t.o.m. september til stell av gravplassane:

- Bulandet

- Værlandet

- Vilnes

Evt. pluss

- Stongfjorden

- Vågane
- Gjelsvik

2.1.7 Vare- og tenestekjøp

Det er lagt inn faste vare- og tenestekjøp med kr 1.152.000,- som er kr 102.000,- høgre enn førebels budsjettvedtak. Oppjusteringa skuldast meir eksakte budsjettal samanlikna med det ein hadde i oktober.

VU-plan 2025 er redusert med kr 70.000,- i forhold til førebels budsjett:

Destruksjon/fjerning av gravminne	10 000
Leasingavtale robotklipparar	40 000
HMS-avtale/bedriftshelseteneste	29 000
Fjerning av tre, Holmedal	20 000
Uføresett	21 000
SUM	120 000

2.1.8 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne MVA-utgift kr 260.000,-

2.1.9 Tilskot og gåver

Vidareført kr 60.000,- i leige/tilskot til bedehusapella.

2.1.10 Avsetningar

Offer til kyrkjene kr 20.000,- avsett til bunde fond.

Overført kr 18.000,- til KLP eigenkapitalinnskot.

Budsjettskjema vedlegg 1A -Drift (kap. 04100-04300 og 08900)

Økonomiske oversikter			
	Budsjettskjema -Drift	Budsjett 2025	Førebels budsjett
	Inntekter		
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	376 000	258 000
660-679	Salg av driftsmidler/fast eiendom	0	0
700-789	Refusjoner/overføringer	270 000	0
790	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0	0
800-829	Statlige tilskudd	0	0
805	Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	0	0
830-839	Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	3 972 000	4 267 000
840-859	Tilskudd fra sokn og organ for sokn	0	0
860-879	Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	50 000	50 000
	Sum driftsinntekter	4 668 000	4 575 000
	Utgifter		
010-099	Lønn og sosiale utgifter	3 292 500	3 289 000

100-299	Kjøp av varer og tjenester	1 152 000	1 050 000
100-299	Kjøp av varer og tjenester (VU-plan)	120 000	190 000
300-389+429	Refusjoner/overføringer	260 000	0
390	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0	0
400-479 ekskl 429	Tilskudd og gaver	60 000	60 000
	Sum driftsutgifter:	4 884 500	4 589 000
	Brutto driftsresultat:	-216 500	-14 000
900-909	Renteinntekter og utbytte	2 000	0
920-929	Mottatte avdrag på utlån	0	0
500-509	Renteutgifter og låneomkostn.	0	0
510-519	Avdrag på lån	0	0
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0	0
	Netto finansinntekter/-utgifter	2 000	0
590	Avskrivninger	0	0
990	Motpost avskrivninger	0	0
	Netto driftsresultat	-214 500	-14 000
	Interne finansieringstransaksjoner:		
930	Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	0	0
940-949	Bruk av disposisjonsfond	0	0
950-959	Bruk av bundne fond	52 000	52 000
	Sum bruk av avsetninger	52 000	52 000
530	Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0	0
540-549	Avsatt til disposisjonsfond	0	0
550-559	Avsatt til bundne fond	20 000	20 000
570	Overført til investeringsregnskapet	18 000	18 000
	Sum avsetninger	38 000	38 000
	REGNSKAPSMESSIG MEIRFORBRUK	-200 500	0

2.2 ANNA KYRKJELYDSARBEID (04400-04479)

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil verte finansiert ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gaver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

Nytt frå tidlegare budsjett har dette budsjettforslaget er eit særskilt underbudsjett til kyrkjemusikk (jf. Kyrkjemusikkplanen pkt. 2.7.3).

I tillegg er trusopplæringa føreslege splitta opp i to, der ein skiller ut det interkommunale stillingssamarbeidet som eit eige delkapittel for å halde betre oversikt.

Hovudkapittelet er budsjettert i balanse.

2.2.1 Generelt kyrkjelydsarbeid

Hovuddelen av inntektene i denne deltenesta er kyrkjeofringar til andre og innsamla til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Det er lagt inn kr 125.000,- i forslaget som innsamla og overført andre. Oftringar og gåver til eige arbeid er samla lagt inn med kr 13.000,- som finansierer ulike kyrkjelydstiltak, materiell, kyrkjekaffi, etc. (særskilt økonomi til kyrkjelydsutvalet i Kvammen ligg inne i dette).

Deltenesta er budsjettert i balanse.

2.2.2 Trusopplæring

Denne deltenesta er vanskeleg å budsjettere, grunna situasjonen med vakanse i pedagogstillinga. Om ein lukkast med tilsetting i stillinga i løpet av året veit ein når vedkommande startar opp, eller kva lønns plassering ein må legge til grunn. Vidare heng sjølv sagt aktivitet og kostnad saman. Det ligg ikkje føre nokon konkret aktivitetsplan for trusopplæringa i 2025, og følgeleg ikkje noko budsjett for aktiviteter.

For å halde betre oversikt over økonomien i trusopplæringa, er kapitlet føreslege splitta opp i to delar; ein del til det interkommunale stillingssamarbeidet (04436) og intern del for Askvoll (04432).

04436 Trusopplæring (interkommunalt samarbeid)

I budsjettforslaget er lagt inn grunnkostnaden for kyrkjelydspedagog i 11 månader i lønnsgruppe 4 med full ansiennitet. Førebels er lagt inn i forslaget at Askvoll vil vere vertsfellesråd for stillingssamarbeidet, men dette kan verte endra i tilsettingsprosessen. Som vertsfellesråd vil soknerådet ha fullt arbeidsgivaransvar for stillinga og forskuttere alle felles utgifter for forholdsmessig refusjon.

Total kostnad er sett til kr 600.000,- i 2025 med visse atterhald (lønns plassering, endeleg arbeidsplan, m.v.).

Årskostnaden vil sjølv sagt auke når ein har tilsett gjennom heile budsjettår (til om lag kr 700.000).

Askvoll sin andel vert halvparten av dette (i og med at Askvoll har forplikta seg til 40% stillingsdel av totalt 80%).

Dette ligg innanfor ramma for finansiering med trusopplæringsmidlar (kr 386.777,- i 2024).

Grunna manglande bruk av tilskotsmidlar i 2024, vil ein få nedtrekk i tilskotet for 2025. Som erstatning er lagt inn bruk av bunde fondsmidlar, trusopplæring (kr 300.000,-).

Det er lagt inn kr 300.000,- i samla refusjon frå Fjaler og Hyllestad sokn i stillingssamarbeidet.

04432 Trusopplæring (0-18 år)

Andre utgifter til trusopplæringa (i all hovudsak aktivitetar, materiell og transport) er i forslaget sett til kr 63.000,-. I forhold til eit "normalår" er dette lågt, og ein må vurdere økonomien og aktiviteten gjennom budsjettåret.

I tillegg er lagt inn ein liten stillingsressurs inntil vidare for ekstrahjelp til å ivareta nokre oppgåver knytta til trusopplæringa så lenge det er vakanse i stillinga.

Finansiering av deltenesta er budsjettert med trusopplæringstilskot, deltakarbetaling, gåvemidlar, fast givarteneste og kyrkjeofringar er sett til kr 71.000,-.

2.2.3 Kyrkjeblad

Det er teke utgangspunkt i 3 utgåver av kyrkjebladet i 2025, som tidlegare vedteke, med kostnad på omkring kr 76.000,- ekskl. MVA. Dette vert finansiert med bladpengar, annonsar og kyrkjeofringar og er budsjettert i balanse.

Siste åra har bladet gått med underskot som har vorte saldert mot bunde fond for kyrkjelydsarbeid (kyrkjebladfondet er brukt opp). Ein bør sjå nærare på økonomien for bladet for framtida og vurdere eventuelle tiltak.

2.2.4 Kyrkjemusikalsk arbeid

Inntekter her vil i hovudsak vere gåver og inntekter ved eigne kyrkjekonsertar og andre musikalske arrangement. Ein bør prøve å få inn nokre kyrkjeofringar til formålet i tillegg.

Utgiftssida vil vere knytt til både arrangement og musikkinstrument/-utstyr.

Ein bør prøve å bygge opp eit fond knytt til formålet både for å ha ein buffer og for å ha midlar til større innkjøp av instrument m.v. på sikt.

Delbudsjett	Utgifter	Inntekter
Gåver ved konsertar etc.		15000
Kyrkjeofringar		5000
Andre gåver		5000
Konsert- og arrangementsutgifter	10000	
Avsett til nytt kyrkjemusikkfond	15000	
<i>SUM</i>	<i>25000</i>	<i>25000</i>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek kyrkjeverja sitt forslag til investeringsbudsjett 2025.
2. Askvoll sokneråd set ned eit utval («øksekomité») som legg fram forslag til balansert driftsbudsjett til endeleg vedtak i Askvoll sokneråd innan 15. februar.

HANDSAMING

Justeringsforslag til pkt. 2 om å stryke parenteser vart sett fram av Frida Melvær. Forslag om tilleggspunkt 3 sett fram om at utvalet er sett saman av arbeidsutvalet med tillegg av Frida Melvær.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek kyrkjeverja sitt forslag til investeringsbudsjett 2025.
2. Askvoll sokneråd set ned eit utval som legg fram forslag til balansert driftsbudsjett til endeleg vedtak i Askvoll sokneråd innan 15. februar.
3. Utvalet er sett saman av arbeidsutvalet med tillegg av Frida Melvær.

FR 2025/05 Bruksavtale Stongfjorden kapell

UTGREIING

Bakgrunn for saka:

Forholdet mellom Stongfjorden kapell har vore tema i ulike samanhengar fleire gonger opp gjennom åra. Særleg eigarforhold og økonomi har vore tema.

Askvoll sokneråd har motteke to brev frå styret for kapellet (Stongfjorden Indremisjon), datert 16 september 2024. Brevane er enno ikkje er handsama i rådet, men det er gitt mellombels svar om at ein vil handsame spørsmåla.

Stongfjorden Indremisjon ber om følgjande:

- 1) Auke i det årlege driftstilskotet frå Askvoll sokn frå 15.000,- til 25.000,-
- 2) Overføring av restmidlar etter testamentarisk gåve frå 1990 som Askvoll sokneråd disponerer

Bakgrunnen for dette er den økonomiske situasjonen vedrørande kapellet, som er særleg skjerpaa pga. ei vasskade som oppsto våren 2023. Stongfjorden Indremisjon opplyser at dei ikkje får forsikringserstatning etter denne skaden, noko som sjølvstakt gjer den økonomiske situasjonen vanskeleg.

Vurdering

Det er grunn til å ha ei totalvurdering av eigarforholdet og økonomien når soknet skal gi svar på spørsmåla frå september.

Eigaravklaring

Det har i mange år vore ei allmen oppfatning av at Stongfjorden kapell har vore i delt eige, i den forstand at tårndelen og kordelen har vore soknet sitt ansvar og kyrkjelydssalen har vore privat eigd av Stongfjorden Indremisjon. Som følgje av denne forståinga har soknet difor ivareteke nokre vedlikehalds- og reparasjonsoppgåver, mellom anna finansiert med midlar frå den testamentariske gåva soknet har disponert.

Det har vore ein prosess i 2023 knytt til eigaravklaring for kapellet.

Normisjon v/Jostein Bildøy har undersøkt ulike registre/grunnbøker, og kan ikkje sjå at det ligg

føre registreringar om delt eigarskap med soknet, men at grunnboksutskrift viser at Stongfjorden Indremisjon er oppført som rettmessig eieeigar. Det vart bedt om synspunkt frå soknet vedrørande eigarskapsforhold.

Askvoll sokneråd handsama denne saka i mai 2023 (sak FR 2023/22) og vedtok følgjande:

1. Askvoll sokneråd kan ikkje sjå at det ligg føre særskilt rettsgrunnlag som tilseier at Stongfjorden kapell ligg innanfor soknet sitt eige.
2. Soknet har interesse av å gjennomføre gudstenester og kyrkjelege handlingar i samsvar med føringar i gjeldande forordning.
3. Soknet ønskjer såleis ein bruksavtale med rettmessig eigar.

I ettertid har det ikkje vore drøftingar eller vurderingar kring ein bruksavtale for kapellet. Det er heller ikkje frå soknet si side gjort konkrete henvendingar om å få på plass ein slik avtale ut over vedtakspunktet 3. over.

Ein slik avtale har imidlertid vore etterspurt fleire gonger ihvertfall siste ti åra. Ein bør no få ein slik på plass.

Soknet sin bruk og bruksavtale

Soknet brukar i samsvar med gjeldande forordning og innarbeidd praksis Stongfjorden kapell til kyrkjelege kausialia når dette er etterspurd (dvs. gravferder, vigslar og konfirmasjonsgudstenester). Det er ikkje konfirmasjonsgudsteneste kvart år i Stongfjorden (berre når det er konfirmantar som ønskjer konfirmasjon her). Talet gravferder ligg for dei siste åra på om lag 3 i snitt, og det har ikkje vore vigslar her på fleire år.

I tillegg er det etablert praksis at soknet arrangerer ei gudsteneste knytt til jula.

Soknet har tidlegare hatt eigen tilsett kyrkjetenar eller tilkallingsvikar til førebuing og gjennomføring av kyrkjelege arrangement, men no er praksis at all kyrkjeleg betjening kjem frå øvrige stillingar i soknet.

Ein kan vurdere om ei ordning med utleige inkludert kyrkjetenar/reinhaldar kan vere ei gunstig løysing. Dette vil på den eine sida føre til mindre administrasjon for soknet og på den andre sida vil dette vere ein moglegheit for Stongfjorden Indremisjon å utløyse noko meir midlar frå soknet mot lokal dugnadsinnsats.

Bruksavtalen må vidare vere tydeleg på at soknet er leigetakar, og ein må forutsette frå soknet si side at ved framtidig bruk av kapellet må ein legge til grunn tilfredsstillande kravoppfylling både når det gjeld tilstand på instrument og anna inventar.

Økonomi

Det er sjølvsgt krevjande å halde ved like ei bygning som kapellet basert på private midlar. Soknet sitt tilskotsnivå har stått stille i mange år utan regulering.

Ein må sjå på kapella i Værlandet og Bulandet saman med denne vurderinga.

Soknet har tilsvarende bruk av Værlandet kapell med unntak av gudsteneste til jul. Talet gravferder er omtrent den samme.

For Bulandet er det annaleis, i og med at dette er eit av soknet sine faste gudstenestestader, og

etter forordninga er det gudsteneste her om lag ein gong pr. månad.

Soknet betalar årleg leige for Bulandet kr 30.000,- (regulert opp i 2016 pga. auka bruk) og kr 15.000,- årleg til kvar av kapella i Stongfjorden og Værlandet. I tillegg dekker soknet halve byggforsikringspremien for Stongfjorden kapell, nettopp pga. forståinga som har vore om at soknet er deleigar av bygget. Dekninga av forsikringspremie utgjorde meir enn leigeprisen soknet betalte i 2024, og det er bokført kr 15.357,50 her. I realiteten har soknet altså betalt meir enn kr 30.000,- til Stongfjorden kapell i 2024.

Når ein ser prinsipielt på spørsmålet om tilskot/leige til kapella må ein legge til grunn at soknet som leigetakar betalar for bruken av bygget, og det kan ikkje vere soknet si oppgåve å yte generelt driftstilskot til private bygg. Når bruk og leige/tilskot heng saman er det rimeleg at t.d. Bulandet, der soknet har om lag tre gonger hyppigare bruk, får meir enn Stongfjorden. Nivået på leiga kan ein sjølvsagt diskutere.

Om ein reknar inn årleg leige/tilskot til kvar av kapella i kommunen fordelt på talet arrangement i soknets regi ser vi betydeleg variasjon:

Kapell	Total årleg leige/tilskot	Omtrentleg tal arr. i soknets regi pr. år	Leigepris pr. arr.
Bulandet	30 000	15	2 000
Stongfjorden	15 358 + 15 000	5	6 072
Værlandet	15 000	4	3 750

Som det går fram av oversikten ligg altså Stongfjorden betydeleg over dei andre kapella i kommunen når det gjeld leige/tilskot pr. arrangement. Dette sett opp mot soknet sin økonomiske situasjon gir ikkje rom for auka tilskot til kapellet.

Ein kan sjå føre seg ein modell med utleige der ein har ei grunnleige i botn og ei leigepris pr. arrangement. Dette vil føre til meir samsvar mellom bruk og betaling, der auka bruk gir høgere leige.

T.d. kan ein seie ei årleg grunnleige på kr 5.000,- og ei leigepris pr. arrangement på kr 2.000,- i tillegg. Om leiga pr. arrangement også omfattar reinhald og kyrkjetenaroppgåver kan ein legge til grunn t.d. 4t pr arrangement á kr 300,-. Dette vil gi anslagsvis kr 6.000,- i auka leige, men forutset "dugnadsarbeid" i kompensasjon.

Testamentarisk gåve

Soknerådet fekk truleg råderetten over den omtalte testamentariske gåva som eit resultat av misforståing rundt eigarforholdet til kapellet. Det er ingen sakleg grunn til at dette fondet (kr 124.530,- pr. 01.01.2024) skal vere disponert av soknet.

Samla vurdert når det gjeld soknet si økonomiske støtte til Stongfjorden kapell, er det kyrkjevevja si vurdering at Stongfjorden allereie får eit forholdsmessig høgt tilskot samanlikna med dei andre kapella i kommunen. Med bakgrunn i soknet sin økonomiske situasjon er det ikkje grunnlag for å auke opp driftsstøtta ytterlegare no.

Likevel er det, med eigaravklaringa som no ligg føre, ingen grunn til at den testamentariske gåva ikkje skal følgje bygget. Midlane bør difor verte overført til Stongfjorden Indremisjon når

bruksavtale, der eigarforhold tydeleg framgår, er på plass.

Med overføringa av denne gåva vil det gi Stongfjorden Indremisjon auka økonomisk handlingsrom til vidare drift av kapellet.

Forslag til bruksavtale/leigeavtale:

Utleigar: Stongfjorden Indremisjon **Utleigars representant:** _____ N.N. _____
Leigetakar: Askvoll sokn **Utleigars representant:** Kyrkjeverje

Leigeavtalen gjeld:

Stongfjorden kapell gnr 11 bnr 6

Leigetakar sin bruk:

Askvoll sokn kan nytte Stongfjorden kapell til kyrkjelege handlingar og gudstenester i samsvar med gjeldande forordning.

Dette vil seie til vigslar og gravferder etter behov og gudstenester inntil to gonger pr. kalenderår.

Tidspunkt for gravferd: Kvardagar etter behov.

Tidspunkt for vigsel: Etter avtale med utleigars representant.

Tidspunkt for gudstenester: Etter avtale med utleigars representant.

Leigetakar sine plikter:

Leigetakar underretter utleigar snarast råd i forkant planlagt av bruk av kapellet.

Leigetakar handsamar bygning og inventar med normal aktsemd, og evt. skadar på bygning og inventar utløyser erstatningsplikt ved aktløyse.

Leigetakar melder frå til utleigar snarast råd eventuelle feil, manglar eller skader på bygning eller inventar.

Leigetakar gir etter behov nødvendig opplæring av kyrkjetenar til å ivareta denne sine oppgåver under dei kyrkjelege arrangementa.

Utleigar sine plikter:

Utleigar stiller lokala disponible for leigetakar på aktuelle tidspunkt. Lokala skal vere oppvarma, ryddige og reingjorte i forkant av arrangementet. Dette gjeld óg evt. snørydding.

Ved kyrkjelege arrangement stiller utleigar med kyrkjetenarressurs som er til stades under heile arrangementet.

Utleigar skal få utlevert nøkkel til lokalet.

Inventar og utstyr som er i bruk under kyrkjeleg arrangement (t.d. instrument, lydanlegg, kyrkjeklokker etc. skal vere tilfredsstillande vedlikehalde for alminneleg bruk).

Vederlag (satsar gjeld frå 01.01.2025):

Leigetakar betalar ei årleg leige på kr 5.000,-

I tillegg betalar leigetakar kr 3.200,- pr. arrangement (inklusive reinhald og kyrkjetenar).

Leigetakar dekker halve forsikringspremien for kapellet.

Leigesummen betalast minst ein gong pr. kalenderår.

Leigesatsane vert indeksregulert kvart tredje år.

Anna:

Ved signering av leigeavtalen vert midlane i bunde fond til Stongfjorden kapell som soknet

disponerer overført til Stongfjorden Indremisjon, som disponerer midlane til Stongfjorden kapell.

Avtaleperiode:

Avtalen vert gjort gjeldande frå 01.01.2025 og løper utan tidsavgrensing.

Kvar av partane kan seie opp avtalen med 6 månaders varsel.

Stad	Dato	Signaturar
------	------	------------

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ber om eit snarleg møte med styret i Stongfjorden Indremisjon for å verte samde om ein bruksavtale med utgangspunkt i kyrkjeverja sitt forslag.
2. Askvoll sokneråd sitt arbeidsutval representerer soknet i slikt møte og har fullmakt til å gjere tilpassingar og justeringar ved behov for dette.
3. Ei forutsetning for avtalen vert at bunde fondsmidlar til Stongfjorden kapell (kr 124.530,- pr. 01.01.2024) som soknet disponerer følgjer bygget og vert overført til Stongfjorden Indremisjon ved signering av bruksavtalen.
4. Askvoll sokneråd finn dessverre ikkje økonomisk rom for å auke opp det generelle driftstilskotet til Stongfjorden kapell.
5. Askvoll sokneråd legg til grunn at det med dokumentasjon som ligg føre vedrørande eigarskap til kapellet for framtida ikkje vert reist ny tvil om eigarskapen.

HANDSAMING

Følgjande endringsforslag vart sett fram:

Frå Astri Thorsen Landøy om endring av pkt 1 i kyrkjeverja sitt forslag med slikt tillegg:

Avtalepunkt om vederlag vert justert slik:

Årleg leigesum i linje 1 vert sett til kr 15.000,-

Stryke linje 2 og 3.

Frå Gro Eikebø Stang om endring i vedtakspunkt 3:

Stryke siste setningsdelen "ved signering av bruksavtalen"

Frå Frida Melvær om justering i vedtakspunkt 4:

Stryke ordet "ikkje"

Endringsforslaget frå Astri Thorsen Landøy vart vedteke med 10 mot 1 stemmer.

Endringsforslaget frå Gro Eikebø Stang fell med 3 mot 8 stemmer.

Justeringsforslaget frå Frida Melvær vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ber om eit snarleg møte med styret i Stongfjorden Indremisjon for å verte samde om ein bruksavtale med utgangspunkt i kyrkjeverja sitt forslag, men med endringsforslaget sett fram av Astri Thorsen Landøy.
2. Askvoll sokneråd sitt arbeidsutval representerer soknet i slikt møte og har fullmakt til å gjere tilpassingar og justeringar ved behov for dette.
3. Ei forutsetning for avtalen vert at bunde fondsmidlar til Stongfjorden kapell (kr 124.530,- pr.

01.01.2024) som soknet disponerer følger bygget og vert overført til Stongfjorden Indremisjon ved signering av bruksavtalen.

4. Askvoll sokneråd finn ikkje økonomisk rom for å auke opp det generelle driftstilskotet til Stongfjorden kapell.

5. Askvoll sokneråd legg til grunn at det med dokumentasjon som ligg føre vedrørande eigarskap til kapellet for framtida ikkje vert reist ny tvil om eigarskapen.